



# UNIVERSITETET I OSLO

## Eksamensoppgåve

**JUS4211 - Prosess og Strafferett**

**Haust 2023**

Dato: 21. desember

Tid: 6 timer

---

Pyotr Ilyich var ein arbeidsufør ukrainsk nasjonalist, fødd og oppvaksen på Krim. Etter hendingane i 2014 og Russland si annektering av Krim måtte Pyotr søkje russisk statsborgarskap for å sikre livsopphald i form av trygdeytingar frå russiske styresmakter. Søknaden vart straks innvilja. Etter å ha gifta seg med Petra Ås, ein leiande norsk jurist, flytta Pyotr til Noreg, til eit fasjonabelt villaområde i Lillevik, og han tok Petra sitt namn. Pyotr Ilyich Ås melde seg så inn i den tradisjonsrike foreininga Lillevik Luftsport-Club, sidan han var interessert i modellflyging og små dronar. Aktiviteten hans i foreininga gjorde etter kvart etterretningstenestene mistenksame.

Ein politibjent oppsøkte Pyotr seinst på kvelden 18. mars og fortalte at PST hadde han i kikkerten. Flyginga måtte opphøyre fordi ho akkurat hadde vorte straffbar etter ei endring i forskrift 15. august 2014 nr. 1076 (i det vidare «sanksjonsforskrifta») § 19. Dersom Pyotr ikkje innretta seg, låg eit utkast til tiltale klart på statsadvokaten sin pult, åtvara betjenten. Pyotr frykta han måtte gje opp droneflyginga og ville engasjere advokat. Petra, som før dreiv advokatverksemd, men ikkje lenger kunne utøve dette av di ho akkurat var utnemnd til dommar i Högsterett, vart klar over situasjonen og braut ut: «Eg har jo trass i alt advokatløyve! Me kan diskutere problema dine og finne ut av dei!» Pyotr, som fram til då hadde trudd at dommarar ikkje kunne utøve advokatverksemd, var svært nøgd med at han no skulle få råd fra ein eminent jurist og advokat.

Petra undersøkte dei rettslege spørsmåla grundig og heldt Pyotr oppdatert på sms og e-post om studia av sanksjonsforskrifta og luftfartsrettslege detaljar. «Ein drone er korkje eit ‘luftfartøy’ eller gjenstand for registrering, så § 19 råkar ikkje deg, og du kan halde fram å flyge som før», konkluderte Petra. Ho viste til at dette følgde klart av alle rettskjelder, at ei rekkje universitetsjuristar inntok det same standpunktet, og at ein annan konklusjon var i strid med legalitetsprinsippet. Ut frå kontakten med politibjenten, og for å vera på den sikre sida, tilrådde ho likevel eit søksmål mot staten. Pyotr kontakta då advokat Marte Kirkerud, som delte synet til Petra og stemna staten for Lillevik tingrett med påstand om at Pyotr hadde rett til å flyge drone i tråd med alminnelege norske reglar, og at dette ikkje var straffbart for han etter sanksjonsforskrifta § 19, jf. sanksjonslova § 4.

I. (1,5 timer)

I tråd med rådet til Petra tok Pyotr opp att flyginga, men han vart snart pågripen. Samstundes vart det observert ei rekkje uidentifiserte dronar, noko som skapte frykt hjå folk. Media gav dronane stor merksemd, særleg Pyotr si sak. Etter kvart kom det politiske miljøet på banen. Frå talarstolen under spørjetimen på Stortinget, og rett før Pyotr vart framstilt for retten og bestemt fengsla, uttala statsminister Hans Tastad følgjande ord: «Russarar har ikkje lov til å flyge dronar i Noreg! Me vil ikkje ha at nokon flyg denne typen farkostar over viktige installasjoner i Noreg! Me seier nei til det! Me kjem til å forfølgje det! Me kjem til å stoppe det!» Pyotr utvida søksmålet med krav mot staten om fastsetjingsdom for brot på Grunnlova § 96 andre ledd og eit erstatningskrav mot statsminister Hans Tastad for rettsbrotet. Retten stilte då spørsmål til



# UNIVERSITETET I OSLO

prosessfullmektigane om dei nye krava måtte avvisast av di dei høynde under Riksretten etter Grunnlova § 86.

Ifølgje Regjeringsadvokaten og statsministeren sin advokat var det ikkje naudsynt å ta stilling til avvisingssspørsmålet, det kunne retten lata ligge, for det var klart at diskusjon i Stortinget om dagsaktuelle saker ikkje var i strid med uskuldspresumsjonen. For at retten og partane skulle sleppe å bruke tid på vanskelege avvisingssspørsmål med konstitusjonelle dimensjonar, kravde dei at retten skulle frifinne staten og Tastad under saksførebuinga, etter skriftleg handsaming. Nokon synspunkt på sjølve avvisingssspørsmålet hadde heller ikkje advokat Kirkerud, men ho hevda at det låg føre brot på uskuldspresumsjonen, og at det ikkje var grunnlag for å avseia frifinnande dom i tråd med kravet.

## II. (1 time)

Etter ei langvarig etterforsking vart Pyotr Ilyich Ås sett under tiltale for droneflyging i strid med sanksjonsforskrifta § 19, jf. sanksjonslova § 4. Under saksførebuinga vart det halde rettsmøte om enkelte prosessuelle spørsmål som hadde oppstått. Ifølgje advokat Kirkerud, forsvararen til Pyotr, måtte straffesaka avvisast på grunn av det pågående fastsetjingssøksmålet, som gjaldt spørsmålet om droneflyginga til Pyotr var straffbar. I tillegg hadde politiet, trass i protestar frå Petra og Pyotr, teke beslag i Petra sin mobiltelefon, med tilgang til sms- og e-postkommunikasjonen med Pyotr. Advokat Kirkerud motsette seg ikkje sjølve beslaget, men ho hevda at den aktuelle kommunikasjonen var advokatkorrespondanse som ikkje kunne førast som prov. I alle fall hadde Pyotr trudd at Petra var advokat og korrespondert med ho i trumål ut frå den føresetnaden. Ifølgje statsadvokaten kunne ikkje saka avvisast, og med omsyn til provføringa viste han til domstollova § 229 og la til at «kva Pyotr trudde, har i alle tilfelle ikkje noko med saka å gjera».

## III. (3,5 timer)

Sonen til Petra og Pyotr, Peder Ås, som snart fylte 8 år, hadde dobbel statsborgarskap, russisk og norsk, og var som faren sin lidskapleg oppteken av droneflyging. For å få tankane vekk frå den fengsla ektemannen, brukte Petra all tida på jobb og tok på seg ei rekkje ekstra oppdrag. Situasjonen heime vart difor gradvis meir kaotisk, og ho greidde korkje å halde orden eller dra omsorg for Peder og følgje han opp. Dronane vart liggjande å slengje, og Peder nytta høvet til å snike seg ut med dei. Fleire gonger var han ute og flaug dronane til Pyotr for å bøte på saknet etter faren. Då dette vart kjent, vart òg Petra tiltala, for aktlaus medverknad til Peder si flyging og for forsettleg medverknad gjennom råda ho gav Pyotr om flyginga hans.

Lillevik tingrett avgjorde at straffesaka mot Pyotr skulle fremjast og sameinast til felles handsaming med saka mot Petra, og at kommunikasjonen mellom Petra og Pyotr skulle avskjerast. Hovudforhandlinga vart sett til 29. juni 2023. Same dag fall høgsterettsdommen HR-2023-1246-A, som kom bardus på dei involverte, og som gjaldt ein russar sin bruk av dronar til fritidsføremål, i form av friluftsliv og segling rundt Svalbard. Fleirtalet i Høgsterett vektla den utanriks- og tryggingspolitiske grunngjevinga for sanksjonsforskrifta § 19 og slo fast, stikk i strid med råda frå Petra, at det var straffbart og generelt sett rettsstridig for russarar å flyge små dronar i norsk luftrom. Alle aktørane la til grunn at dommen gav uttrykk for gjeldande rett, og at eit tvilsamt og komplekst tolkingsspørsmål no hadde vorte løyst.

På bakgrunn av Høgsterett si avklaring av rettstilstanden, la Kirkerud om strategien for forsvaret. Ho hevda at sanksjonsforskrifta § 19 likevel ikkje råka Pyotr, sidan han var ukrainsk nasjonalist og berre hadde søkt russisk statsborgarskap for å få trygd. Statsadvokaten hevda at Pyotr si droneflyging var straffbar.



# UNIVERSITETET I OSLO

Vidare ville Kirkerud no, mot Pyotr sitt ynske, føre advokatkorrespondansen for å prove at Pyotr i alle tilfelle hadde vore i unnskuldeleg rettsvillfaring og difor måtte frifinnast. Ifølgje statsadvokaten var retten bunde av avgjerala om avskjering av prov, og i alle tilfelle kunne det ikkje gjerast unntak frå provforbodet. Det låg heller ikkje føre noka unnskuldeleg rettsvillfaring for Pyotr.

Forsvararen til Petra hevdar at aktlaus medverknad ikkje var ei akseptert ansvarsform i norsk strafferett. Vidare var Peder under den strafferetslege lågalderen, så det kunne ikkje vera tale om noko medverknadsansvar for Petra. Sanksjonsforskrifta § 19 råka i alle tilfelle ikkje born sine uskuldige fritidsaktivitetar. Når det gjaldt medverknad til Pyotr sine handlingar, meinte forsvararen at Petra måtte ha høve til å gje nærståande meir eller mindre velfunderte rettsråd utan sjølv å spasere uforvarande inn i eit straffansvar. I alle tilfelle hadde ho vore i unnskuldeleg rettsvillfaring. Statsadvokaten motsette seg påstandane og hevdar det var grunnlag for straffansvar.

Drøft og ta stilling til påstandane frå advokatane.

\*\*\*

Oslo, haust 2023

Anders Løvlie

Fagleg eksamensleiar